

Prosjektmedarbeidarar - Nasjonalt kompetansesenter for helsetjenestens kommunikasjonsberedskap

Helse Bergen



[facebook](#)

Helse Bergen, Haukeland universitetssjukehus, har over 12.000 tilsette som har som mål å gi best mogleg behandling og pleie til pasientane våre, og rett opplæring til våre pasientar og pårørande. Kvart år behandlar vi over 800.000 pasientar og bidreg i utdanninga av eit par tusen helsearbeidarar. Forsking er ei viktig oppgåve, og vi er blant dei fremste i landet innanfor dette feltet. Les meir på www.helse-bergen.no eller

Nasjonalt kompetansesenter for helsetjenestens kommunikasjonsberedskap (KoKom) skal bidra til å utvikle og sikre høg kompetanse og likeverdig kvalitet i den medisinske nødmeldetenesta i heile landet, uavhengig av geografi og rolle i helsetenestene. Les meir på www.KoKom.no.

KoKom skal arbeide systematisk med å oppfylle mandatet og blant desse oppgåvene er å vidareføre delprosjekt 113 som er del av den nasjonale førstehjelpsdugnaden «Sammen redder vi liv».

For å oppnå dette ønskjer vi å knytte til oss ein medarbeidar frå kvar av helseregionane i 25% engasjementstillingar for ein periode på ca 12 månader med moglegheit for forlenging.

Det vil bli inngått avtalar med hovudarbeidsgivar om frikjøp i delar av stillinga, f.eks. ved ein dag i veka på dagtid i vekedagar. Stillinga vil kunne gi synergjar for nødmeldetenestene i dei respektive regionar og vi er overbevist om at dette arbeidet er viktig for helseføretaka og ikkje berre KoKom.

Meir informasjon kan fås ved å kontakte kst. leiar for KoKom, seksjonsoverlege og professor Guttorm Brattebø, guttorm.brattebo@kokom.no eller mobil 95890424.

Arbeidsoppgåver

- Gjennomføre utgreiingar og formidling av kunnskap, både skriftleg og munnleg.
- Arrangere regionale samlingar for relevante aktørar i den medisinske nødmeldetenesta.
- Følgje opp delprosjekt 113 med prosjektgjennomføring, informasjonsinnhenting og tett kontakt med AMK og LVS.
- **Delta i arbeidet med:**
- å foreslå korleis endra arbeidsprosessar og teknologi kan innføres i AMK-sentralene og LVS
- å foreslå funksjonelle og tekniske krav til teknologiske hjelpemiddel
- å foreslå metodar og indikatorar for å måle effekt og verknad av endringane
- Delta i forskingsarbeid med funn fra prosjektarbeidet

Kvalifikasjonar

- Vi søker etter motiverte sjukepleiarar eller ambulansarbeidarar/Paramedic med erfaring frå AMK og som har sin hovudstilling i AMK. Det er også ein førutsetnad at ein arbeider operativt.
- God evne til å arbeide sjølvstendig vil vere ein viktig eigenskap, saman med god formuleringsevne og erfaring med undervisning og opplæring.
- Erfaring frå prosjektarbeid, fagutvikling og kontakt/samarbeid med førstelinetenestene og LVS blir vektlagt.
- Erfaring i bruk av Skype og andre relevante former for samarbeidsplattformer er ein førutsetnad.
- Kompetanse ifm. bruk av sosiale medium og internett for informasjonsdeling er ønskjeleg.

Utdanningsretning

- Sjukepleie
- Sjukepleie videreutdanning
- Ambulansefag

Utdanningsnivå

- Høgskule/universitet, årsstudie / grunnfag
- Høgskule/universitet, diplom-/ bachelorgrad

Personlege eigenskapar

- Personlege eigenskapar som omgjengelighet og vilje og evne til samarbeid, samt evne til å jobbe målretta vil bli sterkt vektlagt.
- Søkjarar som kan ha som siktemål å gjennomføre mastergrad og evt PhD-utdanning er av interesse.

Søknadsfrist:

31.07.2018

Nøkkelinformasjon:

Annonsør:
Helse Bergen

Ref. nr.: 3831724861
Stillingsbrøk: 25%
Engasjement deltid
Startdato: 01.09.2018
Sluttdato: 31.12.2019
Tal på stillingar: 4

Kontaktinfo:

Guttorm Brattebø
kst. leiar for KoKom,
seksjonsoverlege og
professor
95890424

Søkjekriterium:

Stad
Helse Bergen, Haukeland
US
Bransje
Helse / Sosial
Fagfelt
Administrativt personell
Helse- og sosialfaglig
Rolle
Medarbeidar

Arbeidsstad:

Møllendalsbakken 9, 5009
Bergen



[Vis arbeidsstaden på eit større kart](#)

Vi tilbyr

- Høgt fokus på fagutvikling og forskning
- Moglegheit for fagleg og personleg utvikling
- Lønn etter avtale